



# Komposisjons- verksted

Veke 7 og 8 2019



# Kva skjer?

Sula kulturskule sin nye visjon er «Sula Kulturskule-tradisjon, kreativitet og opplevingar». For å skape liv i visjonen, skal vi gjennomføre eit prosjekt med verkstedundervisning i veke 7 og 8. Alle musikkelevar skal delta på eit av dei verksteda vi tilbyr, og det blir ikkje vanleg undervisning i desse vekene. Takt og Tone, Drama og Biletkunst går som vanleg.

Resultata frå verkstadane blir presentert på sommarforestillinga i juni.

Her er info om kva elevane kan melde seg på:



# Riffkurset – I ein loop

På denne verkstaden skal elevane arbeide kreativt. Elevane får gå på lyd jakt i nærområdet eller på instrumenta sine, og samle lydane dei finn i Loopy.

Kurset gjev ein innføring i riff (repeterende mønster). Alle får leike og improvisere fram riff på instrumenta sine. Etterkvart spelast riffet inn i programmet Loopy på Ipaden. Elevane får sette saman riffa sine til heilt eigne komposisjonar.

Torsdag 17.00-18.00 eller 18.00-19.00 på  
Kulturskulen

Lærarar er Dag-Filip og Håkon

Frå 4.klasse og oppover

# Melodisk komposisjon – Lag ein melodi

Lag ein melodi!

Bli inspirert av lydar i naturen. Finn morsomme måtar å lage melodiar saman med andre elevar og med god veiledning av lærarane.

Onsdag 14.00-15.00 på Kulturskulen eller onsdag  
16.00-17.00 på korpsrommet på Solevåg Skule

Lærarar er Micah, Øyvind og Karoy

3.-7. klasse

# Min song

Lag din eigen lille song ved hjelp av dei tonane du har lært.

Startar med grunnleggande teori (oppfrisking), øve på å skrive notar. Skriv ned alle notane eleven kan, skriv så fire takter melodi. Gjer opptak av songane, evt lage komp med Garageband.

Måndag 13.30-14.30 på Kulturskulen eller onsdag  
14.30-15.30 på korpsrommet på Solevåg Skule

Lærarar er David, Yuri og Maria

For dei yngste elevane

# Brass and Bronze

Felles komposisjon med messing og klassisk perkusjon. Målet er å skape melodiar saman i messing, og å sjå på korleis ein kan akkompagnere melodien med bruk av perkusjon. Pompøs brass i full utblåsing med massivt slagverk/perkusjon til komp!!

Tysdag 16.00-17.00 på korpsrommet på Solevåg  
Skule

Lærarar er Micah og David

For messing og slagverkelevar frå og med 7. klasse

# Låtskrivarkurs

Har du ein draum om å lage egne låtar? Har du kanskje allereie begynt å skrive litt? På denne verkstaden trener vi på grunnleggjande teknikkar i å skrive egne songar. Målet med kurset er å klare å lage minst eit vers og eit refreng med melodi, tekst og akkordar. Du får sjølv bestemme om du vil vere med i gruppe, eller om man vil lage songen aleine. Ein får bruke instrument og/eller data.

Måndag 16.00-17.30 på Kulturskulen eller tysdag  
16.00-17.30 på Kulturskulen

Lærarar er Lena og Øyvind

Frå 5. klasse og oppover

# Elektronisk musikk

På dette kurset vil du lære deg korleis du kan komponere musikk ved hjelp av innspelingsprogram og elektroniske hjelpemidlar. Vi kjem til å bruke eit program som heiter Soundtrap. Det kan brukast via laptop, smarttelefon eller nettbrett. Vi kjem til å leike oss, og bli kjent med programmet. Elevane vil få ulike komposisjonsoppgåver, slik at dei får nokon eigenkomponerte låter til slutt. Kurset passer både for dei som har ikkje har brukt programmet før, og dei som har litt erfaring.

Tysdag 18.00-19.30 på Kulturskulen eller onsdag  
14.30-16.00 på Kulturskulen

Lærarar er Øyvind og Lena

Frå 12 år og oppover. (eleven må ha eigen epostadresse)



# Påmelding

Påmelding skjer via dette skjemaet:

[PÅMELDINGSSKJEMA](#)

Sjå på målgruppe for kursa, kva dag, tid og stad passer best ift andre aktivitetar. Alle elevar må sette 1.val, 2.val og 3.val. Vi må fordele elevane på kurs ift romkapasitet osv, men skal prøve å gje alle noko dei ynskjer. Fyrst til mølla... Ta kontakt med din lærar om du er usikker på kva du skal velje. Ta kontakt med rektor om det er andre spm rundt prosjektperioden.

## Frist for påmelding er 25.januar

